

REFERAT ÅRSMØTE 2001 OSTERØY IDROTTSKLAG

25 februar 2002 i Osterøy Stadionbygg

16 frammøtte medlemmer

- SAK 1 Innkalling og saksliste vart godkjent utan merknader
- SAK 2 Bernt Johan Flæsland vart vald til ordstyrar og Andreas Mjelstad til referent.
- SAK 3 Årsmeldinga vart godkjent.
- SAK 4 Rekneskap for 2001
Det kom framlegg om at omløpsmidlane skal visast i eiga kolonne.
Rekneskapen vart ellers godkjent
- SAK 5 Innkomne forslag
- 5.1 Revisjon av handlingsplan vart lagt fram i årsmøtet, endringane vart godkjent.
Det kom framlegg til fylgjande endringar av handlingsplanen som vil verta behandla i løpet av året:
- Utarbeide instruks for barneidrettsnemda.
 - Vurdera om det også skal gjevast ut skriftleg informasjon frå idrettslaget t.d. via Ostringen og ikkje berre på internett.
 - Synlegjera idrettslagets mål med plakatar i klubbhuset.
- 5.2 Gruppene må til fyrste styremøte ha representant til barneidrettsnemda og ansvarleg for medlemsregistrering.
- SAK 6 Medlemspengane aukar frå kr. 100,- til kr. 150,- for born (inntil 18 år) og frå kr. 300,- til kr. 350,- for vaksne.
Det kom framlegg om at idrettslaget må vurdera gruppene sin størrelse på ymse treningsavgifter og sjå dette i samanheng med medlemspengane.
Det kom også framlegg om at dersom medlemmer ikkje betalar medlemspengar etter andre gongs puring skal det gå melding til gruppa og medlemmet skal avvisast. Desse framlegga vil styret behandla i løpet av året.
- SAK 7 Budsjett for 2002
Budsjettet for 2002 vart lagt fram i årsmøtet og godkjent.
Kommentarar til budsjettet; Nokre av gruppene sine budsjetal er litt usikre.
Dersom overskotet blir større enn budsjettert vil dette tilbakeførast til gruppene.

SAK 8

Val

Etter framlegg frå valkomiteen og årsmøtet vart dette styret vald:

Leiar: Jørgen Varden 1 år
Nestleiar: Kjellaug Hartveit 1 år
Sekretær: Andreas Mjelstad 2 år
Kasserar: Norunn Rosnes 2 år
Styremedlem: Bernt Johan Flæsland 2 år

1 vara: Britt Rønnestad 1 år
2 vara: Sonja Solberg 1 år
3 vara: -----

Revisor: Monica Røyseth vara: Håkon Aasheim
" : Eli Vevle vara: Norodd Helle

Valkomite: Frode Langhelle
Garry Revheim
Frode Valestarnd

Årsmøtet gjev styret og valkomiteen i oppdrag å framskaffe ein kandidat til tredje varafolk.

Det kom framlegg om å innarbeida eit system der gruppene skal framskaffe kandidatar til styremedlemer i hovudstyret. Framlegget vil styret behandla i løpet av året.

Nemder vert oppnevnt av styret.

Lonevåg 02. mars 2002

Jørgen Varden
Leiar

Andreas Mjelstad
Sekretær

REVISJONSMELDING FOR OSTERØY IDROTTSKLAG
HEVEDKASSE OG UNDERGRUPPER

Me har gjennomføørttotal bilagrevisjon av rekneskapan for år 2001. Vårt inntrykk er at det er tilfredsstillande orden i bilag og bokføring. Det er serleg posetivt å sjå at rutinane for bank-avstemming gjennom året ser ut til å fungera betre enn før. Alle rekneskapa er kontrollert og banksaldo stemmer med saldo frå banken pr. 31/12 2001.

Etter vår meining gjev den framlagde rekneskapan eit rett bilete av den økonomiske stoda i laget, og me rår årsmøtet til å fastsetja denne rekneskapan som Osterøy Idrottslag sin rekneskap for driftsåret 2001.

5282 Lonevåg 25. februar 2002.


Monrad Myking
Revisor


Marit Njåstad
Revisor

P.S. Me forutset at hovedstyret tek ansvar for at dei krav som vert stilt frå offentlege myndigheiter er stetta.

